


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
FEBRUAR 2023**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkeim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkeim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 21. februar kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 2. mars. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint



Hei, gode sambygdingar!

Nå skriv vi snart februar. For dei som lengtar etter vår og sommar, så kan ein trøysta seg med at februar berre har 28 dagar. Den «fære» forbi i ein fart.

Eg likar at snøen kjem i heiane. Når eg skriv dette er løypene oppkøyrte på Stavtjørn og alpinanlegget varslar opning til helga. Håper veret held, for det blir kjekt for eigarar og brukarar.

Det snufsast rundt overalt. Halve klassar på skulen er eit tydeleg signal på at det er «noko» som går. Om det er Covid 1, 2, 3 eller 4 vi held på med – eller vanlig influensa er vanskeleg å seia. Men snufsast gjer det! ;-) God betring til alle som står midt oppi å aldri bli «heilt fri».

Har du ennå ikkje fått meldt deg på årets «mestercup» så er det ennå mogleg. 1. februar er frist for påmelding til mestercupen! Lykke til alle!

Vi arrangerte eit par næringslivslunsjar i 2022. Vi tenker å fortsette med det i 2023. Er det nokre bedrifter som ikkje har fått med seg dette, ta gjerne kontakt med meg, så får eg din bedrift med på invitasjonslista. Vi prøver å ha variert innhald som skal vekka interessa hjå dei fleste. Kommunen spanderer sjølvsagt lunsj. Eg kjem tilbake med datoar for nytt treff!

Det blæs igjen i Bjerkeim. Det er kome to førespurnadar om nye vindparkar i Bjerkeim kommune. Dei blir nok behandla i mars. Det er nytt at kommunen skal godkjenna oppstart av saksbehandling hjå NVE av nye områder. Kommunen kan velje å gjera det, eller kommunen kan velje å sei nei til nye områder. Det blir opp til kommunestyre å bestemma i mars. Eg har respekt for begge sider sine synspunkt i vindkraftsakene. Det eg ber om er ein anstendig, sakleg debatt, der både ja-sida og nei-sida får kome til orde. Vi går vidare uansett utfall. Alle 17 i kommunestyre vil det beste for Bjerkeim og Bjerkeim sine innbyggjarar.

Fytti for ei kjekk melding vi fekk av Husbanken. Bjerkeim kommune får tilskot på omtrent 100 millionar kroner til bygging av nytt omsorgssenter. Det betyr at vi kan halde framdriftsplanen som planlagt. Målet er å ta første spadestikket før sommaren! Det er heilt fantastisk at tilsegna kom så fort, og at det er på nivået vi hadde budsjettert med. Dette har vi venta på! Nå er det ikkje lenge igjen til vi går i gang med det største byggeprosjekt i Bjerkeim. Dette blir bra!

Snakkast igjen i neste «nytt». Kom gjerne innom til ordføraren med tips eller idear for eit endå betre Bjerkeim.

Vennleg helsing, *Kjetil Stettebe*

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:

www.bjerkeim.kommune.no

Gruppemøter:	Måndag	06.02	kl.19.00
Formannskap	Tysdag	07.02	kl.19.00
LMT (utsatt)	Onsdag	08.02	kl.19.00
Kontrollutval:	Måndag	13.02	kl.14.00

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



FORSIDE: Frå Stavtjørn, fotograf Kevin Molstad

NY SØKNADSRUNDE I TILSKOTSORDNINGA TIL MANGFALDS- OG INKLUDERINGSTILTAK I IDRETT OG FYSISK AKTIVITET.

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvaltar tilskotsordninga som skal legge til rette for auka deltaking i idrett og fysisk aktivitet. Det er mogleg å få tilskot til prosjekt eller til å få dekkka eingongsutgifter i 2023 og 2024.

Søknadsfrist 16. februar kl. 13.00.

Frivillige lag og organisasjonar og kommunale fritidsklubbar eller ungdomshus kan søke tilskot. Ordninga gjeld både organisert idrett, eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, som for eksempel friluftsliv.

Målgruppene for ordninga:

- Barn og ungdom frå 6-19 år i familiar med vedvarande låg inntekt.
- Jenter med minoritetsbakgrunn frå 6 til 19 år, og jenter frå 6 til 19 år generelt i samanhengar der jenter er underrepresentert eller opplev særlege barrierar.
- Personar med funksjonsnedsetting (Ikkje aldersavgrensa).
- Noverande og framtidige unge leiarar og trenarar opp til 26 år, som er jenter/kvinner, eller personar som har funksjonsnedsetting eller minoritetsbakgrunn.

For meir info: www.lottstift.no

OFFENTLEG SYMJING

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag fram til påske. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebadning. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

Opningstider:

Kl. 10.00 - 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)

Kl. 10.45 - 11.30 Vaksne over 18 år

Kl. 11.30 - 12.15: Familiebadning

Kl. 12.15 - 13.00: Familiebadning

Kl. 13.00 - 13.45: Familiebadning

Lister vert lagt ut i gangen frå kl. 10.00 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg for dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane på tlf. 404 44 955 og reservere tid.

UKM BJERKREIM 2023!

Årets UKM i Bjerkreim går av stabelen

Fredag 10. mars kl. 18.00 i Bjerkreimshallen.

Påmelding er nå åpen, påmeldingsfrist 01.03.2023 kl 23.59.

Bilde, musikk, sang, dans, teater, band, litteratur, cosplay, arrangør, konferansier Meld deg på UKM.no og vis hva du kan!

Nedre aldersgrense i lokalmønstringen er 10 år. De som fyller 13 år i år og opp til 20 år kan gå vidare til fylkesmønstring. Lurer du på noe, kontakt Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147.

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2023

Årsavgift vatn	kr. 3600
Årsavgift vatn m/måler	kr. 1600
Årsavgift vatn pr. m ³	kr. 8
Vassmålarleige	kr. 370
Årsavgift kloakk	kr. 6350
Årsavgift kloakk m/målar	kr. 3600
Årsavgift kloakk pr.m ³	kr. 11
Feiing og tilsyn hus	kr. 270
Feiing og tilsyn hytte	kr. 280
Årsavgift avfall hus	kr. 3700
Årsavgift avfall hytte	kr. 2050
Tømming septiktank	kr. 2000

Til satsane kjem 25% moms.

Gebyr om oppmåling, byggesaksbehandling og andre gebyr finn du på kommunen si heimeside under fanen Priser og gebyr.

LMT-avd.

BARNEHAGEOPPTAKET 2023/2024

Du kan nå søke om plass i barnehagene i Bjerkreim. Nytt barnehageår starter 15. august.

Søknadsfrist til hovedopptaket er 1. mars 2023. Søknader sendes elektronisk, se heimesida til kommunen under Barnehage, Opptak og frister.

TILTAKSSTØTTE KULTUR

Lag og organisasjoner kan søke støtte til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Elektronisk søknadskjema finner du på kommunens hjemmeside under Skjema, kultur og fritid. Søknadsfrist 10. februar.

Del en opplevelse

STAVANGER SYMFONIORKESTER
24.MARS
SANGERLOSJEN

OLE PAUS
26.MARS
BJERKREIM KIRKE

JUNI DAHR:
IBSENS KVINNER
25.MARS
JØSSINGFJORD
VITENMUSEUM

BILLETTER OG PROGRAM: EGRSUNDKULTURHUS.NO

DALANE KULTURFESTIVAL

Dalane Kulturfestival, billetter legges ut ca 1. februar på Egersund Kulturhus:

«Jeg vil heller danse på bordet» med Molly og Partner. Barneforestilling i Kulturbanken.

Torsdag 23.03 kl. 17.00. Kr 50,- pr person.

Arkeologivandring til dagsturhytta med arkeologer fra Rogaland Fylkeskommune. Formidling underveis, enkel servering ved ankomst hytta.

Fredag 24.03 kl. 11.00. Gratis adgang, åpent for alle.

Escape Room Kulturbanken, begrenset antall deltakere. Flere grupper.

Lørdag 25.03 kl. 16.00 - 19.00. Kr 100,- pr person.

«Terje Vigen» m/Anders Dahle fra Rogaland Teater på Pittergarden.

Lørdag 25.03 kl. 20.00 (åpne dører fra 19.00).

DUKAR

Helselaget leier ut kvite dukar. Kontakt Ingbjörg Vassbø på tlf. 486 03 535.

SØKER FLERE SANGERE!

Koret for gutar og jenter frå 5. klasse og oppover. Me øver torsdagar kl. 17.00 – 18.30 i Kulturbanken.

«Audition» (ingen opptaksprøve!) open for alle: 2. febr. kl. 17.00 i Kulturbanken. Ved spørsmål,

kontakt Anbjörg (932 58 383).

Vikeså Soul Children

Trykkeriet beklager at det vart feil i sjakkklubben sin annonse i januar:

BJERKREIM SJAKKLUBB

13. februar

27. februar (vinterferien)

13. mars

27. mars

10. april (2. påskedag)

24. april

8. mai

22. mai

Stad: Kyrkjekontoret på Vikeså, Nesjane 5, inngang nordsida.

Tid: Frå kl. 18 til kl. 22.

Velkommen!

FRILUFTSKVELD VED GAPAHUKEN

Friluftskveld ved Foreknuten. Onsdag 15. februar, start kl. 17.30.

Arr: Dalane Friluftsråd

JILLE FREDAG

Ungdomsklubb fra 7. kl. og oppover.

Fredag 10. februar

Fredag 24. februar

Fredag 10. mars

Velkommen i Skjeraberget folkehelsehus, fra kl. 19.00 - 22.30

Følg oss på facebook for info og kontakt, «jille fredag».

Styret

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 1. februar: Gåtur på Vikeså.

Oppmøte v/Skjeraberget folkehelsehus kl. 10.00. Etter turen blir det omvisning og mat i Skjeraberget.

Vel møtt!

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 15. februar kl. 19.30 på Vikeså Veiservice - Quizmaster: Bjørn Tore Birkeland. Startkontingent kr. 30,- Firemannslag.

NOMINASJONSMØTE BJERKREIMSLISTA

Tid: onsdag 15. februar kl 19.00

Stad: på dekorasjonslåven hos Anne Rita Gudmestad.

Alle som har betalt medlemskontingent innan 31. januar har rett til å møta.

Minner om at medlemskontingenten er på kr 200.- og ein kan betale på vipps 785429 (Bjerkreimlista) eller kontonr 3207 39 32393.

Styret Bjerkreimlista

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 9. februar kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Det serveres kaffe, te og litt å spise.

Hvis noen vil ta med noe er det hyggelig, men det er ikke nødvendig.

Det viktigste er å treffes og bli kjente.

Velkommen alle kvinner!

ÆTTESOGELAGET

Tid: Torsdag 2. februar kl. 19.00

Stad: Kommunehuset på Vikeså

Tema: Utvandring, Vikeså og Vikesdal kraftverk og årsmøte.

Ove Tengesdal viser bilete og fortel frå tur til Canada og USA for å finna farmen der onkelen Tønnes Tengesdal hadde farm i Canada, 27 år før han kom heim og budde dei siste 40 åra i Gravdal. Per Espedal fortel om Vikeså og Vikesdal kraftverk på Pittergarden. Årsmøte i laget.

Alle velkomne!

BJERKREIM HAGELAG

Årsmøtet med foredrag.

23.02 kl. 19.00 på kommunehuset.

Årsmøtetsaker og foredrag. Karoline Handeland fra Hovsherad kommer og forteller om hagen sin, som vi skal besøke i juni. Mat, kaffe og lotteri.

Inngang kr. 50,-.

Alle er velkommen.

NY FILM OM LIKKLEDET I TORINO:

««Who can it be?»»

I Johannes Døperens katedralen i Torino, Italia, ligger det berømte Likkledet som Jesus ble lagt i etter sin død. Det er laget av lin, er 4,40 meter langt og 1,10 meter bredt og viser et svakt avtrykk av en mann i full legemsstørrelse, både framside og bakside. Avtrykket viser at mannen har vært korsfestet, det er sårmerker etter nagler gjennom handledd og føtter. Han har blitt pisket, man finner 372 merker etter piskeslag. Over hele hodebunnen er det mange sår, mannen har vært tornekronet. I høyre side er det et sår mellom 5. og 6. ribbein, akkurat så stort som et romersk spyd. Det har kommet ut blod og vann, noe som viser at personen har vært død.

Filmen om kledet vises på Bjerkreim bedehus, søndag 5. februar, kl. 19.00. Innledning v/Jostein Andreassen, den fremste norske forsker på temaet. Gå ikke glipp av denne enestående muligheten til å se denne filmen. Det blir ikke tatt inngangspenger, men kollekt i stedet. Velkommen!

BJERKREIM PENSJONISTLAG

Møte torsdag 23. februar kl. 14.00 på samfunnshuset.

Program:

- Kven vert ordføreren i Bjerkreim frå hausten? Denne gong kjem Inger Merethe Bjerkreim frå Høgre!
- God mat, inngangspengar kr. 50.
- Underholdning, loddsal, biletrebus og meir.

DEN STORE KLESBYTTEDAGEN

22. april Bjerkreim Bygdekvinnelag skal i samarbeid med Naturvernforbundet, og med støtte av Gjensidigestiftelsen, arrangere stor klesbyttedag på Vikeså.

Forny garderoben din på en miljøsmart og hyggelig måte. Ta med deg maks syv rene og freshe plagg, i fin stand. For hvert plagg du leverer inn får du utdelt en klesbyttelapp og kan velge deg ut et nytt plagg. Vi har innlevering av tøy (dame-barn-herretøy og barneleker):

tirsdag 7. februar, tirsdag 7. mars og tirsdag 11. april på Folkehelsehuset kl 19.00 (strikkekveld).

Velkommen til den store klesbyttedagen!

KVELDSTUR

Mandag 13. februar kl. 18.00 inviterer vi til en hyggelig kveldstur med Magni Ødegård i spissen. Møt på Skjeraberget folkehelsehus så går vi samlet. Varighet 1-2 timer. Velkommen og kle deg etter været. Husk hodelykt.

Åpent for alle, ingen påmelding.

Bjerkreim Bygdekvinnelag setter fokus på fysisk aktivitet.

OFFERVEKE NMS

På Bjerkreim bedehus 16.-19. februar

Torsdag og fredag kl. 19.30.

Laurdag kl. 18:00 og søndag kl. 11.00

Talarar: Ludvig Bjerkreim torsdag, Sverre Jakobsen fredag og laurdag, Marta Dale søndag.

Song: Eigersund musikklag torsdag, Oddvar Seth fredag

Laurdag kl. 18.00, byrjar med kveldsmat.

Søndag kl 11.00 : Endeleg søndag og søndagsskule kl 11.20.

FORNY:BART OG BE:LÆRT

Årets prosjekt med Bjerkreim Bygdekvinnelag viser deg veien til ett ukentlig vegetarisk måltidsalternativ. Bli inspirert til å lage egne gode og næringsrike vegetariske måltider.

Onsdag 22. februar kl. 18.00 inviterer vi til kurs og inspirasjon. Lag og smak på vegetariske retter for hele familien.

Påmelding til 91729184, Liv Karin.

Begrenset antall plasser.

STORMØTE OM HJORT, MAT OG FRILUFTSLIV

Hjortebestanden i Bjerkreim, Rogaland og resten av landet er inne i en veldig positiv utvikling for tiden. Dette kommer ikke av seg selv men er et resultat av godt samarbeid mellom grunneiere, myndigheter, jegere, forvaltning samt Jeger- og fiskeforeninger landet rundt. Hjorten er en fantastisk ressurs som må tas vare på både som bestand og ikke minst matmessig.

Tema for stormøtet blir hjorteforvaltning, individet hjort, jakt, slaktning, mat og tilberedning m.m.

Tid: 22.02 kl 18:00 – 22.00

Sted: Bjerkreim Samfunnshus.

Foredragsholder Joar Søhoel fra Hafslo kommer. Han er utdannet kokk og har 17 år bak seg i bransjen. Hans lidenskap for jakt, fiske, fangst og sanking har fått fram viltkokken i han. Han har vært i finalen i «Farmen», og blitt kåret til «Årets Villmarkskokk». Joar har de senere år vært mer bak kamera på jakt og filmet andre jegere, enn å jakte selv.

Agenda:

- Joar Søhoel om hjort, mat, friluftsliv
- presentasjon av Interjakt Ålgård (har også stand i foaje)
- servering av hjortegryte med potetmos
- Joar Søhoel om partering
- presentasjon av ny rådgiver vilt- og skogforvaltning i Dalane, Anders Øfstaas,
- trekning av deltakerpremie
- spørsmål, tips

Pris inkl. mat og drikke kr 250,-

Vipps 119699 (Oppgi navn)

Senest 17. februar (pga servering)

Arr: Bjerkreim Jeger- og Fiskeforening

BINGO

Bjerkreim Helselag har bingo onsdag 8. februar i peisestova på Misjonshuset kl. 14.00 - til ca 16.00.

Alle velkomne.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

Tirsdag 7. februar kl. 19.00 med strikk/prematurstrikk og annet håndarbeid.

En kveldsstund i godt selskap med god drøs over kaffekoppen.

Sosialt og kjekt. Åpent for alle.

Sted: Skjeraberget Folkehelsehus

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl 20.00 Bønnesamvær

06. kl 19.00 Yngres og Korvetten

08. kl 14.00 Bingo Helselaget

08. kl 17.30 Global kafe

08. kl 20.00 Samtalemøte

10. kl 20.00 Fredagsklubben

19. kl 11.00 Familiegudstjeneste

20. kl 19.00 Yngres og Korvetten

21. kl 19.30 Årsmøte Misjonshuset

22. kl 17.30 Global kafe

25. kl 19.00 Bjerkreim kr. ungdomslag

26. kl 11.00 Søndagssamling og søndagsskule

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no

1. kl. 17.30 Global kvelds

3. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

5. kl. 19.00 Filmkveld (sjå eigen info)

6. kl. 19.00 Yngres

8. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

11. kl. 19.30 BKU i kjellaren

13. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

14. kl. 09.30 Minsten (tysdag)

15. kl. 17.30 Global kvelds

16. kl. 19.30 Møte NMS

17. kl. 19.30 Møte NMS

18. kl. 18.00 Lørdagskveld NMS

19. kl. 11.00 Endelig søndag NMS
kl. 11.20 Søndagsskulen

20. kl. 19.00 Yngres

22. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

27. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

28. kl. 09.30 Minsten (tysdag)



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

Sundag 5. februar kl. 11.00.

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 12. februar kl. 11.00.

Gospelmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 19. februar kl. 11.00.

Familiegudsteneste på Vikeså Misjonshus Formingsaktivitet og kyrkjekaffi/bollar

Sundag 26. februar.

IKKJE gudsteneste i soknet

DØDE:

13.12.22 Agnes Tengesdal

14.12.22 Solveig Birkeland

11.01.23 Erik Homse

TRAFIKALT GRUNNKURS VÅREN 2023

Vi vil arrangere trafikalt grunnkurs i samarbeid med Høien i mai, dato er ikkje endeleg fastsett.

Alle som har fylt 15 år kan delta.

Meir informasjon og invitasjon til påmelding kjem i marsnummeret.

KYNDELSMESSE

I kyrkjeåret har 2. februar fått eit eige namn: Kyndelsmesse. Eg må innrømme at eg ikkje har eit særleg bevisst forhold til dagen, men opp gjennom historia har merkedagen hatt eit viktig innhald. Tidleg i middelalderen var det ein liturgisk praksis som gikk ut på at alle rituelle lys vart innvia og velsigna den 2. februar. På latin blei kyndelsmesse kalla missa candelarum (lysmesse). Kyndelsmesse kommer imidlertid av det norrøne ordet kyndill, som betyr fakkell eller lys.

NYTT SOKNERÅD HAUSTEN 2023

Veit du om nokon som kunne passa i soknerådet vårt, eller kanskje du har lyst? Då kan du få arbeide med misjonsarbeid, trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk eller gudstenestene.

Nominasjonskomiteen arbeider med å finne nok personar til nytt råd, men dei slit med å finne dei som seier ja.

Ta gjerne kontakt dersom du veit nokon som bør få utfordringa!

Kyrkjevalet 2023

vil du ha eit godt råd?

Still til soknerådsval.

DEN NORSKE KYRKJA

NOKRE TAL FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN 2022

	2022	2021	2020	2019
Dåp	27	24	33	19
Vigslar	6	4	5	6
Gravferder	22	18	14	26
Konfirmantar	37	42	37	42
Innmeldingar	0	2	3	2
Utmeldingar	6	10	2	7
Gudstenester søn- og høgtidsdagar	52	49	43	45
Andre gudstenester	8	9	7	13
Deltakarar	5636	3548	3065	6324
Snitt pr. gudsteneste	94	61	61	109
Offer:				
Offer eige arbeid	74869	43420	62210	79065
Andre føremål	282374	206074	141075	227528
Gjevarteneste	73400	74900	78000	89609
Totalt innsamla	430643	324394	281285	396202

Sjølve innhaldet i dagen er frå då Jesus vart framstilt i tempelet då han var 40 dagar gammal. Josef og Maria tok guten med i tempelet, slik som Moselova sa. Den fyrstefødde i ein familie hørde Herren til, og foreldra kom til tempelet for å helga guten. Kor kjem då dette med lys (kyndel) ifrå?

Det hadde lenge vært ein heidensk romersk tradisjon å feire ein fest til ære for gudinna Ceres, og dette involverte ein lysprosjesjon. Ein trur det var fordi sagnet fortalde at gudinna Ceres leitte etter dottera Proserpina, og difor trengte lys.

Då dagen kom på same dagen som dei kristne feira Herrens framstilling i tempelet, adopterte ein skikken med bruk av lys.

Lyset har blitt ein sjølvsgagt del av gudstenesta. Vi tenner lys på alteret, og tenkjer på at Jesus sa: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Sjølv om sola har snudd, og vi er på veg mot lysare tider, er det fortsatt ei god stund til vi kan ynskje våren velkommen. Då er det godt å tenkje på at same kva årstid vi har, så skin Guds lys for oss.

Soknepresten

MIDLAR FRÅ INNOVASJON NORGE I 2023

Innovasjon Norge har fått meir midlar i 2023. Rogaland har fått ca. 90 millionar kr mot 68 millionar i 2022. Dette gir rom for meir tilskot for dei minste fjøsa, og til fleire prosjekt.

Ingen søknadsfrist, fortløpande behandling.

Prioriteringar dette året er:

- Særleg prioritert av mjølkekufjøs til lausdrift inntil 30 kyr. For større mjølkekufjøs skal fjøskapasiteten vurderast i tillegg til planlagt mjølkeproduksjon. Tilskot vert knytta til dei 30 første båsane, kapasitet ut over dette må du finansiera sjølv.
- Tilskot opptil 40 % - maks 3,5 millionar
- Tilskot til eksisterande/eldre lausdriftsfjøs støttast kunn ved tiltak til dyrevelferd og oppfyljing av storfeforskrifta sine krav for 2034
- Fokus på dyrevelferd, miljø, distrikt og unge bønder i andre husdyrproduksjonar
- Sau og storfekjøtt er prioritert i den grad det gjeld eksisterande produsentar, som ikkje planlegg vesentleg auke i volum
- For generasjonsskifte vert det heilheitleg vurdering av garden.
- For griseproduksjon kan det løyvest støtte til SPF-gris som dyrevelferdstiltak
- Gjødseparator: bare støtte der det også vert bygd dekke/tak over. Tilskot inntil 25 %, maks kr 200.000. Gjødseparator kan støttast
- Grovførlager: kan støttast når bruken av landbruksplast vert redusert og nødvendige tiltak for å sikre avrenning av silosaft vert gjennomført
- Prioritet til unge bønder, og prosjekt innafor lokalmat, landbruksbasert reiseliv og Inn på tunet.

VINTERLANDBRUKSSKULEN KJEM TIL HELLELAND

Treng du auka kompetanse for å driva gard? Manglar du agronomutdanning? Vinterlandbruksskulen på Jæren tilbyr agronom-utdanning for vaksne elevar på kveldstid. For skuleåret 2023 - 2024 planlegg dei å ha undervisning i Plante- og husdyrproduksjon på Helleland grendehus, medan dei fire andre faga; gardsdrift, økonomi og driftsleiing, utmark og kulturlandskap, maskinar og teknologi, vil verta undervist i lokala til Øksnevad vgs. Søknadsfrist 1. mars. Meir informasjon og søknadsskjema finn du på www.vlj.no.

Ved Vinterlandbruksskulen kan du velja å ta dei ulike faga kvar for seg eller fleire om gongen, slik at du kan ta agronomutdanninga over to eller fleire år. Etter fullførte eksamenar vil du få kompetansebevis. Har du nyleg overtek gard eller skal gjera det om nokre år, nytt sjansen no når undervisninga skal vera på Helleland i 3 skuleår framover 😊.

AUKA SATS FOR SJUKDOMSAVLØYSING

Som kjent kan de bønder få tilskot til avløsning ved sjukdom, svangerskap, fødsel, sjukt barn, dødsfall m.m. Frå nyttår er heldigvis den maksimale dagsatsen auka med 430 kr/dag.

Dei nye satsane gjeld for avløsning som er utført frå og med 1. januar 2023. I fleire år har den maksimale dagsatsen vore 1.670 kr/dag. Den er no auka til kr 2.100.

Som sjølvstendig næringsdrivande får dei færreste av dokker sjukepengar dei første 16 dagane av ein sjukemeldingsperiode. Då er det flott å ha denne tilskotsordninga, som vanlegvis (ingen reglar utan unntak) gir rett til refusjon på avløysarutgifter på inntil 2.100 kr/dag.

Ta kontakt med Avløysarlaget som kan hjelpa dokker med søknaden om refusjon av dokumenterte utgifter til sjukdomsavløsning.



Photo by Anand Thakur on Unsplash

INFORMASJON



MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim



GO Consult
Olav Engelsingjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net




fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita
Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

 **ADVOKAT1**

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!









Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop





Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no